



# Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

---

Medlemmane i eldrerådet

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

**Arkiv:**

**Vår dato:**

ROBMÅL - 20/9548

033, &17

14.10.2020

## Protokoll frå møte i eldrerådet 13.oktober 2020

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde, Bjørn Kjensli og Magne Egil Mjøs(vara)

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

Fråvær: Morten Steinsrud

Sak 34/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Samrøystes godkjent

Sak 35/20 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 2.september 2020

Solveig Rydland, Gudbrand Dahle og Astrid Lunde underteikna protokollen

Vedtak:

Samrøystes godkjent

Sak 36/20 Skjema for brukar / pårørande IHT

Vedtak:

Eldrerådet ber systemkontoret koma med informasjon, og gje oss forståelig forklaring på korlei skjema er tenkt

Samrøystes godkjent

Sak 37/20 Val av utsending til eldrerådskonferanse

Vedtak:

Øystre Slidre eldreråd vedtok og ikkje sende nokon representant til eldrerådskonferanse 16. og 17. november 2020

4 mot 1 stemme

Leiar møter for fylket

Sak 38/20 Tilbod til menneske med psykiske lidningar

Vedtak:

Eldrerådet viser til rullering av helse-og omsorgsplan og ber om at det her vert sett av midlar til oppretting av dagtilbod/kveldstilbod for menneske med psykiske lidningar, då dette er ei gruppe som no er utan tilbod.

Samrøystes godkjent

Sak 39/20 Veileder for eldreråd/reglement for eldreråd, og eventuelle spørsmål til rådmann / ordfører

Vedtak:

Eldrerådet såg på ulike punkt i «veiledning for eldreråd i Øystre Slidre»-oppdatert 9.september 2019.Og vil med dette stille fylgjande spørsmål til rådmann:

\*Korleis sikre at saker kjem tidsnok til eldrerådet for vidare handsaming?

\*Korleis sikre best moleg konkrete rutiner på dette?

\*Korleis kan eldrerådet få resultat av innspel frå rådet? Punkt 4.5

\*Ut i frå veiledning for eldreråd punkt 6.1 og 6.2 er det skissert ulike oppgaver

for sekretær.

Korleis meiner kommunen at sekretæren si rolle skal være for å styrke dialog og kontakt mellom rådet og kommunen på beste måte?

Samrøystes godkjent

Sak 40/20 Budsjet 2021

Vedtak:

Neste møte i eldrerådet med budsjett 2021 som tema, blir 11.11.2020

Rådmann vil orientere

Samrøystes godkjent

Orienteringar:

\*E-post frå Opplandstrafikk

\*Kantine/kafe på Helsetunet

\*Avtale med rådmann om møte i eldrerådet 11.11.20

\*Digihjelpen hausten 2020 er utsett til over jul

\*Omvisning på helsetunet: Blir omvisning der 28.oktober kl 16.00

\*Sansehagen ved nye helsetunet

\*I neste semester vil ein legge møte i eldrerådet i veka før

kommunestyremøtet

\*Det vert ytra ønske om å ha saka «Nye innspel sidan forrige møte» som fast punkt på saklista

Med helsing

Målfrid Robøle  
sekretær